



Notat

Til: Styringsgruppa for områdeplan Alversund

Kopi til:

Saksbehandlar: Planavdelinga/Frøydis Ones

Vår referanse: 14/1235 - 22 / PlanID - 1263-200902, HistSak - 2013/562, HistSak - 2008/179

Dato: 08.10.2017

Emne: Løysing for trafikksituasjonen ved ny Alversund skule, områdeplan Alversund

Bakgrunn

Styringsgruppa for områdeplanen fekk i møte den 27. mars 2017 presentert to moglege løysingar for trafikksituasjonen til ny Alversund skule. Tilbakemeldingane frå styringsgruppa er referert i dokument av 11.04.2017. Det var fleire tilbakemeldingar på dei skisserte løysingane. Hovudtrekka var at løysinga må verte meir komprimert, det må vere parkering ved skulen, og mjuke trafikantar skal ivaretakast.

Formannskapet har seinare lagt til grunn at parkering for skulen skal løysast på skuletomten.

To nye skisser for trafikksituasjonen

Administrasjonen har fått utarbeidd nye skisser for å ivareta hovudpunkta som kom fram på møtet i styringsgruppa i mars i år. Skissene som er utarbeidd er førelagt Skyss og vegvesenet for uttale. Felles for begge skissene er at parkering for skulen er lagt til skuletomten. Arealet for bussane er nedskalert ved at det i hovudsak er lagt til rette for 2 til 3 bussar.

Generell kommentar frå vegvesenet og Skyss

Som ein generell kommentar til dei nye skissene seier Statens vegvesen følgjande: «Statens vegvesen mener det er svært uheldig at Lindås kommune vil legge til rette for kjøring av elever inn til den nye skuletomten, slik de nye alternativene legger opp til. Etter vårt syn undergraver dette arbeidet som gjøres med å legge til rette for gode og trygge traseer for gående og syklende. Statens vegvesen er bekymret for hvilken virkning dette vil ha på andelen gående og syklende til den nye skolen.»

«Vi stiller også spørsmål ved om det totale arealbehovet er vurdert når kommunen besluttet å flytte parkering og av- og påstigning inn på skuletomten. Arealet som trengs for å etablere en trafikksikker løysing blir ikke redusert ved denne flyttingen. Vi minner om at trafikkfarlige situasjoner i forbindelse med levering og henting oppstår oftere dersom man har etablert for knappe løysninger. Statens vegvesen ber kommunen om å gjøre en ny vurdering av dette spørsmålet.»

Skyss har ein generell kommentar til dei siste skissene:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733


DER DRUMAR BUR RØYNDOM



«Sidan kommunen no har gått vekk frå park & ride-funksjon, må ein etter vårt syn avgrense den nye terminalen til kun å verte nytta i samband med skuleskys. Dei ordinære stoppa langs fylkesvegen ved gangbrua må nyttast til resten av rutetrafikken.»

To alternativ til løysing for trafikksituasjonen

Alternativ 3




Vegvesenet om alternativ 3:

«I alternativ 3 samles all kjøring til skolen i ett kryss, inkludert skolebussar. Etter vårt syn er dette den klart beste løysingen i forhold til trafikksikkerhet. Vi mener også at hvis holdeplassen kun skal benyttes på de avgangene som også er skoleruter, bør det kunne aksepteres noe tidstap. Vi mener imidlertid at løysingen kan bedres ved å korte avstanden til fylkesvegen. Vi stiller også spørsmål ved om det er areal til mange nok busser.»

Skyss om alternativ 3

«I skissa for alternativ 3 er det teikna inn ein grøn trekant i innkøyinga. Dersom dette antyder ei form for øy må denne fjernast. Dette for å sikre at terminal kan nyttast til inn- og utkjøring både frå nord og sør.»

Alternativ 4



Statens vegvesen om alternativ 4:

«I alternativ 4 etableres et ekstra kryss inn til skolebussholdeplassen. Kryssene i Alversund blir liggende svært tett, med ulike kryssløsninger, og dette gjør trafikkbildet på strekningen mer krevende å forstå. Det reduserer trafikksikkerheten på fylkesvegen, og er et overordnet viktig moment for vår vurdering. Det er i tillegg uklart om det er tilstrekkelig avstand mellom kryssene til ordinær kryssoppmerking.

Vi ser også at inn-/utkjøringen til skolebussholdplassen er svært bred, over 20 meter, og det kan oppstå farlige situasjoner dersom noen fotgjengere velger å krysse over der. I tillegg er vi bekymret for uønsket bruk (inn- og utkjøring) utenfor skoletid.»

Skyss om alternativ 4:

Vår vurdering er at alternativ 4 er det beste for buss grunna;

- Kortast avstand frå fylkesveg = minst tidstap ved avvikande trasè. Gangvegen til elevane blir marginalt lengre
- Eigen inn- og utkøyring. Slepp å dele vegen med annan trafikk til / frå skulen = mindre tidstap
- Kan få oppstilling m/plattform på begge sider av terminalen, altså til tre-fire bussar i staden for til to-tre bussar i alternativ 3

Administrasjonen si vurdering:

Administrasjonen er einig med vegvesenet i at trafikktryggleiken totalt sett er betre i alternativ 3 sidan det er ei avkøyrse til fylkesvegen, og ikkje to som i alternativ 4. I tillegg er gangsituasjonen i alternativ 3 betre enn i alternativ 4 ved busshaldeplassen. Sidan løysinga skal i vareta ein heilskap er alternativ 3 den beste av dei to løysingane.

Alternativ 3 kan og vere ei meir fleksibel løysing for framtida dersom utbygging av idrettsanlegg ved skuletomten fører til at parkering, og av- og påstiging må løysast andre stader. I ein slik situasjon kan buss stoppet vist i alternativ 3 nyttast til avsettings- og hentesone for skule- og idrettsområdet. Dei konkrete detaljane i dette må eventuelt kome på eit seinare tidspunkt.

Administrasjonen finn det riktig å vise til folkehelseperspektivet som ligg til grunn for samfunnsdelen til kommuneplanen 2017-2029. Samfunnsdelen gir viktige føringar for planarbeidet generelt, og til innsatsområdet mobilitet. Særleg er samfunnsdelen sine mål og strategiar for hovudtemaene Regionsenterutvikling, Attraktive nærmiljø og Klima og miljø sentralt for innsatsområdet Mobilitet. Løysinga for trafikksituasjonen ved ny Alversund skule bør i størst mogleg grad byggje opp om dei nyleg vedtekne strategiane i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Administrasjonen ber styringsgruppa ta stilling til kva trafikk alternativ som skal leggjast til grunn for den vidare utforminga av områdeplan for Alversund.